

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Møtebok for AU-møte 27. august i Bergen

Protokoll frå: Møte i arbeidsutvalet
Møtedato: 27.08.2013
Tid: 1000-1400
Møteleiar: Mona H. Hellesnes
Møtestad: Hordaland fylkeskommune, Bergen
Referent: John-Ragnar Aarset

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Kjell B. Hansen (på telefon), Filip Rygg, Lars Kr. Olsen (på telefon), Knut Arne Gurigard (på telefon), Magnus Vestrheim og John-Ragnar Aarset.

Forfall: Trond Johansen og Hans Erik Ringkjøb.

Lars Christian Stendal, regionsjef i Jernbaneverket var invitert til å halde ei innleiing ved starten av møtet om det vidare arbeidet med Bergensbanen etter NTP:

AU 14/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding: Innkalling og sakliste vert godkjente.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes godkjent.

Innleiing ved Lars Christian Stendal, Jernbaneverket

Ringeriksbanen:

Kommunedelplan er rett planverktøy nå, med påfølgjande konsekvensutgreiing.

I utgangspunktet er det lite å gå på når det gjeld fleksibilitet og kurvatur når ein skal planleggje ein bane for 200-250 km/t. Men da farten må vere under 200 enkelte stader, får ein større fleksibilitet.

JBV må samordne planlegginga med E16, men betyr ikkje nødvendigvis felles trasé alle stader.

Det må gjerast eit forarbeid når det gjeld kva rolle vegen og jernbanen skal ha i høve til trafikkavviklinga. JBV meiner ikkje at det bør vere 4-felts veg heile vegen mellom Sandvika og Hønefoss.

Når det gjeld planlegginga av E16, er det gjort eit omfattande arbeid med Statens Vegevesen sitt framlegg til kommunedelplan. SVV sitt arbeid kan brukast om att av JBV.

Per i dag er det ikkje avsett midlar i det heile til planlegging av Ringeriksbanen. Det trengs 10-15 mill. i 2014. Behovet aukar veldig i 2015 og utover.

Statleg eller kommunal plan – dette er ikkje veldig viktig for JBV. Planprosessen må uansett ha ei lokal forankring som er robust.

Planmidlar må inn i statsbudsjettet 2014.

Totalt planbudsjett, 5-6 % av totalen, eller 1 mrd. kroner. Totale byggherrekostnader skal normalt rekna til om lag 10 %. Det inneber om lag 15 mill. i 2014 og 30 mill. i 2015.

AU 15/13 Godkjenning av møtebok frå AU-møtet 16. april på Gardermoen

Tilråding: Møteboka frå AU-møtet 16. april på Gardermoen vert godkjent.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes godkjent.

AU 16/13 Orienteringssaker:

NSB sin partnerstrategi

NSB Bergensbanen gjennomfører eit prosjekt for å auke komforten og reisetilbodet knytt til Bergensbanen, mellom anna ved å styrke samarbeid og kontakt med aktørar langs banen. Det er særleg reiselivsproduktet dei vil styrke. Dømesvis kan ein sjå for seg at ein reiser med tog frå Oslo til Flå, reiser vidare med andre transportmiddel, tek del i opplevingar, før ein set seg på toget att på Gol, ... John-Ragnar har bidrege i ein idèdugnad med NSB sine konsulentar i dette arbeidet.

NRK Brennpunkt og Ringeriksbanen

Brennpunktredaksjonen lagar bidrag til NRK sine valsendingar. Tema er ei av sendingane er politiske påverknadsprosessar som ligg utanfor dei tradisjonelt partipolitiske. NTP er eit sentralt case i denne samanhengen, der Brennpunkt går nærmare inn på korleis ulike veg- og jernbaneprosjekt har organisert seg for å påverke regjering og storting. Brennpunkt har peika ut ICT, Ringeriksbanen og Vikafjell-tunnelen særskilt. John-Ragnar har stilt opp for NRK og gitt intervju om FNB sin strategi og arbeid. Intervjuet og samtalanane med NRK er opplevd som heilt greie og ikkje ubehagelege. Det einaste punktet der eg ser for meg at NRK kan prøve å koke saman noko som ikkje kjem særleg godt ut, er det forhold at eg jobba for ICT-prosjektet gjennom PR-byrået Gambit før eg starta å jobbe i FNB.

Møte med statssekretær Bartnes, 18. juni på Stortinget

Mona og John-Ragnar møtte Bartnes innimellom NTP-ordskiftet, for å samtale om oppfølginga av tiltaka i NTP for Bergensbanen og særleg Ringeriksbanen. Bartnes sa at departementet jobbar med å utforme eit utgreiingsoppdrag til Jernbaneverket. Det fyrste oppdraget skal vere eit kortvarig prosjekt, der JBV skal konkludere på i kva område Ringeriksbanen skal førast fram; Til dømes Sandvika-Hønefoss, Lysaker-Hønefoss, Nittedal-Hønefoss. Dette prosjektet og avklaringa må gjennomførast sidan ein ikkje skal gjennomføre ein ny KVU for banen.

Vi uttrykte undring over behovet for ei utgreiing om kor Ringeriksbanen skal førast fram, da NTP-en er veldig tydeleg på at Ringeriksbanen skal gå mellom Sandvika og Hønefoss. Vi opplevde ikkje å få eit heilt overtydande svar på dette, men Bartnes var tydeleg på at han var samd i at prosjektet burde konkludere med ei framføring mellom Sandvika og Hønefoss.

Vi uttrykte også eit klart ønske om eit klart budskap frå SD om at det blir sett av planmidlar til Ringeriksbanen for 2014, slik at prosjektorganisasjonen kjem opp i skikkeleg marsjfart. Bartnes synte til at

JBV nå skal utarbeide sitt Handlingsprogram for 2014. Til grunn for dette arbeidet vil SD oversende alle fleirtalsmerknadene frå NTP-en, som grunnlag for kva etatane skal prioritere. Vi sa at vi forstod at JBV kan bruke situasjonen knytt til NTP for å prøve å få auka budsjettrammene sine totalt sett, og vi synte til at det trass alt er kome fleire nye utgreiingsoppgåver til etatane gjennom NTP-handsaminga i regjering og storting. Då er det SD sitt ansvar å klargjere at planlegging i 2014 – det skal det uansett bli. Vi var tydelege på at vi ville kome til å gjenta denne budskapet og kravet vidare utover sommaren og hausten.

Jernbaneforum 2014

Tysdag 18. mars i Oslo. Program og profil for konferansen ska drøftast fyrste gong onsdag 28. august i Oslo. Prosjektleiaren har framlegg om følgjande tema:

Eventuell ny regjering – eventuell ny jernbanepolitikk

EU sitt framlegg om konkurransesetting på sporet – referanseprosjekt og erfaringar

Godstrafikk på sporet

Europeiske utbyggingsprosjekt og kva vi kan lære

Neste generasjons transportbehov/ -krav

Evalueringsmøtet etter Jernbaneforum 2013 var veldig tydeleg på at det vart for einsidig vekt på ICT-utbygginga. Jernbaneforum 2014 må bli meir relevant for jernbanen i heile landet.

Synfaring på Ringerike 4. juli

Lars Kr. på Ringerike inviterte Knut Arne og John-Ragnar på plandag og synfaring 4. juli. Vi gjekk gjennom det som ligg føre av planar for vegen og jernbanen, særleg SVV sin kommunedelplan for E16 gjennom Hole og Ringerike, da denne representerer ei omfattande og fersk utgreiing av heile det aktuelle utbyggingsområdet frå Kroksund til Hønefoss. Etter grundig synfaring i det aktuelle området, var vi tre samde om at det bør vere heilt overkomeleg å finne løysingar for både veg og bane gjennom dei to kommunane som samstundes tek tilstrekkeleg omsyn til dyrebar dyrka mark og naturverdiar.

Tilråding: Sakene vert tekne til orientering.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes godkjent.

AU 17/13 Strategi og arbeid hausten 2013 – Livet etter NTP

John-Ragnar gjekk gjennom utkastet til strategi- og arbeidsplan for hausten 2013, som hadde følgjande tema:

- Kor står vi i høve til måla våre?
- Kva er dei viktigaste utfordringane framover?
- Kva er hovudbudskapet vår?
- Kva aktivitetar skal vi drive framover?
 - FNB skal vere ein pådrivar i planprosessen av Ringeriksbanen
 - Nytte valkampen for å stadfeste støtte til satsing på Bergensbanen:
 - Det er sendt brev til alle dei politiske partia, der dei er bedt om å svare på fire spørsmål om satsing på Bergensbanen i komande stortingsperiode.
 - FNB vil saman med Regionrådet i Hallingdal og Ringeriksrådet sende eit brev til Marit Arnstad, der vi ber om at utgreiingsoppdraget til Jernbaneverket for Ringeriksbanen blir lagt fram i god tid før valet.
 - Nytt storting og regjering

- Det blir viktig for FNB å knyte kontaktar og bli kjent med dei nye transportpolitikarane og syte for at vi har minst éin hovudkontakt i kvart parti i komiteen som er heilt oppdatert på vår agenda.
 - Vi gjere oss kjent med dei nye fylkesbenkane frå Hordaland og Buskerud og syte for at minst ein representant frå kvart parti frå begge fylke er oppdaterte og engasjerte.
 - Dersom det skulle bli regjeringsskifte etter valet i september, må FNB ha som mål å få møtt den nye politiske leiinga i SD i løpet av hausten.
- Oslo og Akershus – nye allierte
Vi bør vi ta nærmare kontakt med Akershus, for å engasjere dette fylket sterkare inn i FNB. Av same grunn bør vi også prøve å få Oslo inn som medlem i FNB. Tettare kontakt med Oslo og Akershus må ikkje berre gjelde kommunen og fylkeskommunen. LO og NHO i Oslo-Akershus møter med talerett i FNB. Kontakt med desse organisasjonane må difor opprettast i haust.
 - Aktiv i media
 - Tilstade på konferansar og seminar
 - Nye internettsider
 - Folkeleg engasjement gjennom framleis samarbeid med Bergensbanen 4 timer.
 - Framtidas Bergensbane – elevprosjekt på vidaregåande skular

Tilråding: Framlegget til strategi for vidare arbeid blir lagt fram for drøfting og innspel for AU og blir førande for det vidare arbeidet hausten 2013.

Ordskifte:

Filip

Det blir særst viktig raskt å kome i inngrep med eventuell ny politisk leiing i Samferdselsdepartementet. Dei må kjenne krava og standpunkta våre raskt – vi må gjerne gi dei ein konkret liten ting som kan stå på kontoret deira og minne dei om Bergensbanen. Det er kort tid for budsjett, etter eventuelt regjeringsskifte. Denne tida må nyttast effektivt.

Hans Erik

Nye togsett på Vossebanen er ei viktig sak for oss. Kva rolle skal vi i FNB ha i høvet til dette? Departementet må kome med ei løyving. KVV Voss-Bergen – denne er klar i løpet av hausten. Siste møte i referansegruppa 18. september. Vi må legge press i høve til timesfrekvens Bergen-Voss.

Mona

HFK har fått brev frå Samferdselsdepartementet. Dei har ikkje fått søknad frå NSB om restverdigaranti, noko som er naudsynt for anskaffing av nye togsett.

Knut Arne

Framdrift Ringeriksbanen; Forventar at det går i orden. Og så må me ha ein stab i JBV med engasjement for prosjektet, som ser moglegheiter og ikkje problem, folk som kan drive prosjektet framover. Lokal forankring er viktig. Ringerike og Hole må bidra til framdrifta i prosjektet.

Kjell

Vi skal dra dette frå Ringerike si side. Raske avklaringar. Vil ikkje motsetje oss statleg regulering. Trur heller ikkje at Hole har avvist tanken om statleg plan for jernbanen.

Knut Arne

Det er viktig at Kjell følger opp Hole.

Lars

Kommunane må bli gjort kjent med prosessen framover. Det er lokalpolitisk samtale om planframdrifta. Ingen av prosjekta kan realiserast uavhengig av kvarandre, men blir gjensidig avhengig av kvarandre.

John-Ragnar og Lars snakkast bilateralt om dette.

Mona

Vi må innarbeide punkt om Vossebanen; togsett og planar. Samt Filip sitt innspel om å ta kontakt med Samferdselsdepartementet så fort ny politisk leiing er på plass.

Kjell

Det er bra at vi pressar Regjeringa på oppfølging av ressursar og planar.

Vedtak: Framlegget til strategi blir førande for det vidare arbeidet hausten 2013, og det blir innarbeidd tilleggspunkt om planframdrift, trefrekvens og nye togsett på Vossebanen, samt eit punkt om oppfølging av den nye politiske leiinga i Samferdselsdepartementet.

AU 18/13 Nye nettsider, www.nyebergensbanen.no

Tilråding: Dagleg leiar får fullmakt til å inngå avtale med Kreator Kommunikasjon om etablering av nye nettsider for FNB.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

AU 19/13 Rekneskapen for 2012

Fram til årsmøtet i FNB, 30. oktober 2012, var det Regionrådet i Hallingdal som førte rekneskapen for FNB. Etter årsmøtet og ved tilsetjinga av ny dagleg leiar, vart alt det administrative flytt til Hordaland fylkeskommune (HFK). HFK har motteke både rekneskap og økonomiske midlar tilhøyrande FNB og har slutført rekneskapen for 2012.

Det ser ut til at resultatet vert positivt med 28.914,05 kroner.

HFK arbeider med å hente inn revisorgjennomgang av rekneskapen, slik at det kan leggjast fram for godkjenning hos årsmøtet.

Tilråding: AU tek rekneskapen til orientering og ber om at rekneskapen og revisor si uttale blir lagt fram for godkjenning av årsmøtet i 2013.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

AU 20/13 Økonomirapport per fyrste halvår 2013

Økonomirapporten vart lagt fram i møtet.

Utgiftene ved inngangen til juli – fyrste halvår – synte eit nivå tilsvarande halvt budsjett. I juli vart det sendt ut kontingent til alle medlemskommunane. Dersom alle kommunane betaler kontingenten sin (noko som var tilfelle i 2012), vil vi vere i balanse.

For andre halvår vil eventuelle utgifter til nye nettsider kome inn, men dette ligg det an til å vere rom for innafor gjeldande budsjett.

Tilråding: AU tek økonomirapporten per fyrste halvår 2013 til orientering.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

AU 21/13 Studietur?

Rådgjevingsselskapet Railconsult har vore på tilbodssida overfor FNB seinast ved inngangen av 2012, både for å skissere moglege utgreiingsoppdrag knytt til framtidens Bergensbane og for å selje inn aktuelle studieturar for FNB.

Tilråding: FNB planlegg ikkje nokon ny studietur i nærmaste framtid, men tek problemstillinga opp igjen i 2014.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

AU 22/13 Eventuelt

Årsmøte for FNB 2013.

Fastsetjing av tid og stad. Ingen tilråding i saka.

Vedtak: FNB held årsmøte på Geilo tysdag 19. november, med AU-møte kvelden i førevegen, måndag 18. november. Det blir henta inn tilbod frå Highland og Dr. Holms hotell.

Historiske togreiser

Dagleg leiar har vorte kontakta av ei gruppering med deltakarar frå restaurantkjeda Sult AS i Oslo og Norske Museumsjernbanar, som kallar seg Historiske togreiser. Desse ønskjer å drive museums- og restauranttogleiser på Bergensbanen – dette som eit reiselivsprodukt. Ein har gjort slike reiser på banen i samband med 100-års jubileet for Bergensbanen, samt eit prosjekt for Utanriksdepartementet der ein hadde med seg ulike land sine ambassadørar til Noreg.

Historiske togreiser har utfordringar med å få plass og køyretid på banen til å drive eit slikt føreseieleg tilbod, og dei ber FNB om ei støtteuttale der vi uttrykkjer generell positiv haldning til at ein kan drive denne type drift på Bergensbanen.

Tilråding: FNB stiller seg positiv til at det må vere rom for å drive museums- og restauranttogleiser på Bergensbanen, og det blir utarbeidd ei positiv uttale til Historiske togreiser.

Vedtak: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

John-Ragnar Aarset
Ved møteboka